


Vil ny eigar halda fram med trelast- og byggevarer i Uskedalen ?

20.03.2019



Uskedal Trelastlager sitt lagerbygg i Beinavikjo. Hallen er ein av dei største til dette bruket i Kvinnherad og vart reist i 1971.

Det vart i denne veka gjort kjend at eigarane sel aksjane sine i Uskedalen Trelastlager AS. Ei samanhengde drift sidan opninga i 1929 på Eikelandet går dermed mot slutten. Uskedal Trelastlager har i 90 år vore ei solid verksemd med stor tillit i markedet. Varemerke deira har vore kvalitet, nærhet og fagkunnskap. Mange vil sakna den drifta familien har stått for. Difor knyter det seg store forventningar til om ny eigar held fram med trelasthandel i Uskedalen.

Dagleg leiar Finn Guddal fortel at noverand eigarar sel aksjane sine. Det er opp til ny eigar om ein vil halda fram med same logo og firmanamnet Uskedal Trelastlager. Alle kjenner namnet og veit kva merkevare som ligg bak.

Uskeal Trelastlager har gjennom skiftande tider hatt ei god drift. Tidleg på 1970 talet vart hovudlageret flytta frå Eikelandet til nybygg i Beinavikjo. Kontor og butikk med utstillingar kom i Sigurd Arnesen sine butikklokale oppe ved Riksvegen. Dette tiåret var truleg den beste tida for verksemda med levering av om lag 40 ferdighus i året og 10 - 15 mann i arbeid.



Sjøkaptein Tørres Myklebust slutta sjøen, kom heim og starta med trelasthandel på Eikelandet i 1929. Bygningsmassen såg slik ut fram til riving og til ny eigar overtok i 2006.

Alt i 1968/69 byrja Trelastlageret med fredighus og litt seinare med takstolproduksjon. Uskedal Trelastlager var også leverandør av sement til SKL og Statkraft sine utbyggingar med Blåfalli og i Mauranger.

I tillegg var firma medeigar i Torghuset på Husnes. Frå 1976 dreiv ein butikken Bygg og Fritid i Torghuset. Butikk i Uskedalen vart opna på nytt i 2001. Ei tid var Uskedal Trelastlager også medeigar i betongblandeverket på Opsonger på Sunde.

Eit sal kan vera avklart innan kort tid.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Fjellanger Widerøe/ Kristian Bringedal



Dersom ny eigar ynskjer det, kan drifta halda fram med same firmanamn og logo. Uskedal Trelastlager er med i kjeden Byggeriet.